

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Delegert rådmannen	19.02.2014	038/14	MARS

Avgjerd av: Rådmannen	Arkiv: N-258	Arkivsaknr
Saksh.: Mary Ann Sørheim	Objekt:	13/1086 - 19

Kulturell spaserstokk 2014

Samandrag:

Kvam herad søkte Kulturdepartementet, og fekk kr 115 000,- i tilskot til Den Kulturelle spaserstokken (DKSS) for 2014. Dette er ein reduksjon i tilskotet frå 2013.(kr 170 000 i 2013). Kvam herad brukar i tillegg egne prosjektmidlar for å gje eldre på institusjon eit variert kulturtilbod.

Kvam herad har lyst ut tilskotsmidlane, der kunst- og kulturaktørar kan søkja tilskot til kulturtiltak for eldre, - primært på institusjon.

Målet med DKSS er å utvikla gode kunst- og kulturprosjekt/opplevingar for eldre lokalt innafor eit mangfald av sjangrar og uttrykk. Midlane skal i flg Kulturdepartementet nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, etter modell frå Den Kulturelle skulesekken.

Mange eldre har avgrensa høve til å delta på kulturtilbod i kommunen pga dei bur på institusjon, har nedsett helse og/eller treng ekstra tilrettelegging for å kunna oppsøkje kulturtilbod.

Tilskota frå DKSS skal bidra til at eldre, - i hovudsak dei som bur på institusjon, - får eit variert kulturtilbod og gode opplevingar. Arrangørar og arrangement som gjev tilbod om tiltak på institusjonar, eller i nært samarbeid med institusjonane vert prioritert.

I 2013 gav vi tilskot til ulike arrangement utanfor institusjonar, og erfaringane viser at det er positivt for dei som deltek, men at det krev ekstra tilrettelegging og skyss.

Tilskotsmottakarane står som arrangøransvarlege for arrangementa. Kvam herad formidlar kontakt med institusjonane etter avtale.

Tilskota vert utbetalte etter innsendt rapport og kontonummer tilskota skal overførast, -etter arrangementa er gjennomførte. Arrangement som går over tid kan få utbetalt tilskot etter kvart arrangement.

Kvam herad rapporterer til Kulturdepartementet om bruken av tilskotet.

Søklar	Kostnad	Prosjekt
Kjell Magnus Økland	Kr 2 500,- pr framsyning	Kåseri/multimediaforedrag om Oselvaren
Gabriel Fliflet og Richard Burgess	Kr 7 500,- pr konsert Kr 13 000,- to konsertar	Konsert, engelske/norske viser
Beate Bednar/Kompani Krapp	Kr 7 000,- pr konsert	Framsyninga «Hallo, hallo»
Den gode melodi/ Bal Musette	Kr 12 000,- for 3 konsertar same dag	Konsert- cabaret : «Alf Prøysen- et stykke Norgeshistorie»
Øystese sokneråd	Skyss kr 16 000,- Honorar kr 20 000,-	Musikalske føremiddagstreff i Øystese kyrkje
Rune Alver/ Eilif Løvteit	Kr 5000,- pr konsert	Konsert «Vi ere en nation vi med» Klaver og opplesing
Lisa Nøttseter	Kr 3 000,- pr konsert	«Denne stunden» - eit danseprosjekt. Samarbeid med Bergen Dansesenter
Bygdagnist AS	4 tiltak (5 arrangement) kr 55 000,-	På Storeteigen; konsertar med Geir Botnen, Stig Lundblad- Sandbakk, Christine Wilhelmsen, kunstterapi, musikkterapi mm.
Hardanger Voss museum, Hardanger Fartøyvernsenter, Oddvar Soldal	Kr 3000,- pr arrangement	Film og foredrag/samtale «Då sjøen var vegen» og «Nordlandsfarten».
Gabriel Fliflet (m/ gruppe med fem musikarar)	2 konsertar same dag kr 16 000,-	Five Men in a Boat
Folkeakademiet / Kinckdagane	Kr 9000,-	Konsert under Kinck-dagane med Helge Jordal, Geir Botnen, Marianne Juvik Sæbø
Hans Edvard Olsen	Kr 3 000,- pr arrangement	To program m/ ulike lokale filmar (Dikt av Johan Tufteland, Lindesteinen og Kvam i Krig mm)
Kabuso	6 arrangement Kr 30 000,-	Kunst for eldre på institusjon, samt opne

		framsyningar for pensjonistar. Knytt til utstillingsprogramma
Arvid Åsprang/ Torgeir Kinne Solsvik	Kr 4 500,- pr konsert, 6 konsertar kr 27 000,-	Vårkonsertar på institusjonar.
Hardingtonar	Kr 30 000,-	Anne Cathrine Eiken, Audun Kayser m.fl 2 konsertar under Hardingtonar
Galleri Puls	Kr 5 000,-.	Utstillinga «Ide å kle» med Kristi Skintveit

Rådmannen sitt vedtak:

Kvam herad fordeler tilskot i samband med «Den kulturelle spaserstokken 2014 « i Kvam :

Søklar	Tilskot	Prosjekt
Kjell Magnus Økland	kr 0	Kåseri/multimediaforedrag om Oselvaren, Kvam herad prioriterer lokal båthistorie i 2014.
Gabriel Fliflet , Richard Burgess, Five Men in a Boat	Kr 8 000,-	Konsert, engelske/norske viser
Beate Bednar/Kompani Krapp	Kr 7 000,- 1 framsyning	Framsyninga «Hallo, hallo»
Den gode melodi/ Bal Musette	Kr 8 000,- 2 konsertar same dag	Konsert- cabaret : «Alf Prøysen- et stykke Norgeshistorie»
Øystese sokneråd	Kr 8 000,-	Musikalske føremiddagstreff i Øystese kyrkje
Rune Alver/ Eilif Løvteit	Kr 10 000,- 2 konsertar same dag	Konserten «Vi ere en nation vi med» Klaver og opplesing
Lisa Nøttseter	Kr 6 000,- 2 framsyningar same dag	«Denne stunden» - eit danseprosjekt. Samarbeid med Bergen Dansesenter
Bygdagnist AS	Kr 15 000,-	På Storeteigen; konsertar/arrangement for bebuarar på institusjon
Hardanger Voss museum, Hardanger Fartøyvernsenter,	Kr 9 000,- 3 framsyningar	Film og foredrag/samtale « Då sjøen var vegen» og

Oddvar Soldal		«Nordlandsfarten».
Folkeakademiet / Kinckdagane	Kr 8 000,-	Konsert under Kinck-dagane
Hans Edvard Olsen	Kr 3 000,-	Dikt av Johan Tufteland, samt filmen om Lindesteinen
Kabuso	Kr 18 000,-	Kunst for eldre på institusjon. Knytt til utstillingsprogramma
Arvid Åsprang/ Torgeir Kinne Solsvik	Kr 18 000,- 4 konsertar	Vårkonsertar på institusjonar.
Hardingtonar	Kr 20 000,-	Konsertar under Hardingtonar
Galleri Puls	Kr 4 000,-.	Utstillinga «Ide å kle» med Kristi Skintveit

Gjeld arrangement utanfor institusjon: Arrangør må samarbeida med institusjonane om den praktiske tilrettelegginga både når det gjeld transport, tilgjenge og innhald. Tilskotet dekkar ikkje transportkostnader frå institusjon til arrangørstad, - kun honorar.

Gjeld alle tilskotsmottakarar:

Ved annonsering må det visast til «Samarbeid med Kvam herad og Den kulturelle spaserstokken».

Tilskotsmottakarane står som arrangøransvarlege for arrangementa. Kvam herad formidlar kontakt med institusjonane etter avtale.

Tilskota vert utbetalte etter innsendt rapport. Krav om utbetaling må sendast seinast 15.12.14 eller vil tilskota kunna falla bort.

Kvam herad rapporterer til Kulturdepartementet om tilskota.

Konto 14700 38521 73100 8000 K110 og K030